



Vogntoget køyrde rett ut i det grøne med lasta si. Der stod Haugland Maskin klar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Ivar Kåre og Berit Harriet Døssland har sakna eit reiskapshus på garden – men onsdag kveld fekk dei ein skikkeleg stålhall til bruk for føremålet – direkte frå Finland!**

Det vekte ein viss oppsikt i grenda då det digre vogntoget svingte rett ut i "det grøne" og Haugland Maskin kunne starta avlessinga. Den tok ikkje mange minutta – og så var finnen på heimtur.

- Men kvifor dra heilt til Finland for å kjøpa ein reiskapshall?  
 - Valet av leverandør skjedde sjølvstakt etter at vi hadde innhenta pris frå fleire. Og handelen skjedde ikkje i Finland, men gjennom eit firma på Austlandet. At hallen så vart levert direkte frå Finland er ei anna sak, svarar Ivar Kåre og Berit Harriet.

Plattingen som hallen skal stå på og som er 170 kvadratmeter stor er støypt og klar og hallen vil truleg vera reist på seinsommaren eller tidleg på haustparten.

Ivar Kåre er svarlaus når uskedalen.no spør om ikkje det er fristande å nytta ein slik hall til ein eller annan form for landbruksproduksjon.

Då har kona, som er sterkt hekta på dans, tydelegvis meir sans for eit forslag om å nytta han til dansehalla.

Kanskje får Magne Huglen konkurranse frå andre sida av elva?

Av Ola Matti Mathisen



Ivar Kåre og Berit Harriet Døssland ved plattingen der stålhallen skal reisast. (Foto: Ola Matti Mathisen)